



Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985
Faks:

Sogndal 08.05.2014

Referat frå møte i Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 22.04.2014
Møtetid: kl. 13:00
Møtestad: Leikanger kyrkje og Leikanger Kommunehus

Tilstades:

Marit Lunde Mundal, Anders Bjørk, Birgit Ingeborg Kverme Johnsen, Steinar Velle, Egil Fimreite, Laura Kvamme, Jorunn Merete Haukås-Eide, Ole Simen Nesdal, Magny U. Bukholm, Egon Askvik.
Per Holen (Kommunalsjef, Leikanger kommune) under sak 012/14.

Meldt forfall:

Kjell Sæter, Edith Flatland.

Referat

Sak 012/14 Synfaring og gjennomgang av tilstandsrapport og enøk-rapport for Leikanger

Vedtak:

Fellessrådet går inn for å gjennomføre utbetringane på Leikanger kyrkje som er føreslegne i tilstandsrapporten frå Nedre Jølster Bilelag. I tillegg går fellessrådet inn for at det vert montert takrenner der dette manglar på kyrkja. Fellessrådet ynskjer også at gjerdet rundt Leikanger kyrkjegard vert måla og reparert. Ein ser på gjerdet som ein del av kyrkjegarden, og vil kontakte Leikanger kommune om at ein ynskjer dette gjort.

Sak 013/14 Søknad til biskop om godkjenning av enøk-tiltak i Stedje kyrkje

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd vedtek å søkje biskopen om godkjenning av følgjande enøk-tiltak i Stedje kyrkje:

1. Installering av varmpumper. Plassering av innedelene som alternativ 4, og plassering av utedelene som alternativ 1, i rapport frå Arkitektkontoret 4B, dat. 19.03.14
2. Tetting rundt dørar med trelister med pakning. Listene blir malt i same farge som karmen og montert i dørkarmene.
3. Tetting mellom golv og vegger med fugemasse.
4. Isolering/vindtetting av golvet i koret og trapperepo. Det blir innhenta tilråding frå Glava om type isolasjon som bør brukast for best mogeleg resultat.
5. Montering av intelligent varmestyringssystem.
6. Oppgradering til meir energi-effektiv fasadebelysning.

Kostnaden på kr.1.240.000 vert dekkja inn med kr. 250.000 av investeringsfondet til fellessrådet, det resterande blir lånefinansiert. Det er søkt om tilskot frå det fylkeskommunale enøk-fondet, og det blir søkt om rentekompensasjon gjennom Husbanken i samarbeid med Sogndal kommune.

Sak 014/14 Salmebok 2013

Vedtak:

Fellesrådet vedtek å nytte kr. 13.200,- av disposisjonsfondet for Leikanger til å dekke innkjøp av 40 nye salmebøker til Leikanger kyrkje. Kr. 13.200,- skal refunderast til Leikanger sokneråd. Sjølv om innkjøp av nye salmebøker til kyrkjene ligg under fellesrådet sitt økonomiske ansvar, finn ikkje fellesrådet finansiering i driftsbudsjettet for 2014, til innkjøp av dette til dei andre kyrkjene. Fellesrådet tilrår difor at eventuelle søknader om refusjon av utgifter til innkjøp av nye salmebøker frå dei andre sokneråda vert avslegen. Sokneråda vert heller oppmoda om å finne alternativ finansiering av denne utgifta.

Sak 015/14 Freding av eldre gravminne

Vedtak:

Saka utsett til neste møte i fellesrådet.

Sak 016/14 Høyring - Undervisningstenesta i Dnk

Vedtak:

Fellesrådet vel Gitte Th. Torstad, Nils Einar Berget, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Kjetil Netland og Jorunn Merete Haukås-Eide som medlemar i ei nemnd som skal utarbeide høyringssvar på saka «Undervisningstenesta i Den norske kyrkja». Nemnda får fullmakt til å utarbeide og sende eit høyringssvar innan fristen. Høyringssvaret skal leggjast fram for fellesrådet på førstkomande møte etter høyringsfristen.

Sak 017/14 Høyring om kyrkjebygg

Vedtak:

Fellesrådet vel fylgjande personar til å utarbeide framlegg til høyringssvar på høyringa frå Kyrkjerådet om kyrkjebygg: Bente Leirdal Sleen, Egon Askvik, Marit Mundal, Kjetil Netland og Jorunn Merete Haukås-Eide. Gruppa får frist til å leggje fram sitt framlegg til høyringssvar for fellesrådet innan 27. mai 2014.

Sak 018/14 Skriv og meldingar 22.04.2014

Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til vitande.

Sak 019/14 Ymse 22.04.2014

Vedtak:

Det var ingen saker som vart fremja under denne saka.

For Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Jorunn Merete Haukås-Eide
kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger